



Berit Bruvik Tørrmuring Limited
Hestnesvegen 161
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/9388 - 21/75468

Saksbehandlar:
Roba Al Serhan
roba.al.serhan@alver.kommune.no

Dato:
30.11.2021

Fritak frå kravet om gjødselplan GBNR 329/1 Hestnes

Administrativt vedtak: Saknr: 1231/21

VEDTAK:

Alver kommune gjev med heimel i § 5 i forskrift om gjødselplanlegging dispensasjon frå kravet om gjødselplan i 5 år fram til 30.11.2026 for GBNR 329/1, då bruket er ekstentivt drive. Dersom det i løpet av desse 5 åra er endringar i areal, dyretal eller nytta gjødselmengde slik at føresetnadane for dispensasjon vert endra, må det fremjast ny søknad.

Saka gjeld:

Føretaket **Berit Bruvik Tørrmuring Limited** har søkt om fritak for gjødselplan på grunn av ekstensiv drift på gbnr 329/1.

Drifta er 9 vinterfora sau og en vaksne hest. Jordbruksarealet på bruket er på 36 daa innmarksbeite, 15 daa fulldyrka mark.

Søkjeren samlar ikkje opp husdyrgjødsel fordi dyra går ute heile året med mogelegheit til å gå inn i fjøset. Søkjer har opplyst at gjødsel som taes ut av fjøset benyttes ublanda og ufortynna på beitet om sommar /høst. Søkjeren brukar ikkje kunstgjødsel.

VURDERING:

I forskrift om gjødselplanlegging står det i § 5 at kommunen kan etter søknad frå føretaket dispensera frå kravet om gjødselplan for føretak som vert drive svært ekstensivt. Gjødslinga skal vera under 50% av normgjødsling.

Bruket ligg under 50 % av normgjødsling. Bruket er lite, har få gjødseldyreiningar (GDE=0) etter frådrag for beitetid, og har stort areal i høve til dyretalet. Kommunen har difor ingen merknader til at det vert gitt dispensasjon frå krav om gjødselplan i 5 år.

Regelverk

Forskrift om gjødselplanlegging.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: « 21/9388 »

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Roba Al Serhan
Rådgjevar Landbruk

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Berit Bruvik Tørrmuring Limited

Hestnesvegen 161

5919

FREKHAUG